

M Ø T E  
i EØS-utvalet  
tirsdag den 23. mars kl. 15.15

Møtet var leidd av leiaren i EØS-utvalet, *Haakon Blankenborg*

Til stades var:

Frå utanrikskomiteen: Haakon Blankenborg, Jan Petersen, Einar Steensnæs, Dag Danielsen, Kirsti Kolle Grøndahl, Harald Hove, Johan J. Jakobsen, Marit Nybakk, Elsa Skarbøvik, Erik Solheim, Siri Frost Sterri og Tom Thoresen.

Frå EFTA/EØS-delegasjonen: Grete Knudsen, Carl I. Hagen og Bror Yngve Rahm.

Vidare møtte frå Arbeidarpartiet Kjell Opseth og for Framstegspartiet Vidar Kleppe.

Til stades under sak nr. 1 var også medlemene frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen: May-Helen Molvær Grimstad, Eirik Langeland Fjeld (vara for Ågot Valle), Jon Olav Alstad, Trond Helleland, Ola T. Lånke, Liv Marit Moland, Inger Stolt-Nielsen og Unn Aarrestad.

Av Regjeringas medlemmer var til stades: utanriksminister Vollebæk og barne- og familieminister Valgerd Svarstad Haugland.

Følgjande embetsmenn vart gitt tilgjenge til møtet: departementsråd Harald Nybøen, Barne- og familiedepartementet, ekspedisjonssjef Atle Leikvoll, Utenriksdepartementet, avdelingsdirektør Anders Erdal, Utenriksdepartementet, avdelingsdirektør Bodhild Fisknes, Barne- og familiedepartementet, byråsjef Beate Ekeberg, Utenriksdepartementet og rådgivar Erik Skaudal, Barne- og familiedepartementet.

Til stades var også komitesekretær Bjørg Bostad frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen.

Vidare var til stades komiteens faste sekretær, Åge B. Grutle.

## D a g s o r d e n

1. Orientering om forbrukervern v/barne- og familieministeren.
2. Aktuelle rettsaker for møtet i EØS-komiteen 26. mars 1999. Se vedlagte brev fra Utenriksdepartementet, datert 16. mars d.å., med oversikt over de relevante rettsaker.
3. Eventuelt

**Komiteens leiar:** Forskjellige medlemmer av komiteen har bede om at ein kan kome inn på prosessen i samband med patentdirektiv og direktivforslag om opphavsrett i informasjonssamfunnet. Om dette blir plassert under Eventuelt eller andre punkt, får vi kome tilbake til.

**Grete Knudsen (A):** Jeg har også noe under Eventuelt. Kan utenriksministeren si noe om den blokkering som skjer fra et medlemsland vis a vis Medisinalinstituttet, vår tilknytning til Medisinalinstituttet i London, og om det eventuelt er andre områder der det foregår en blokkering av våre interesser.

**Leiaren:** Det skal vi koma tilbake til under Eventuelt.

## S a k n r . 1

*Orientering om forbrukervern v/barne- og familieministeren.*

**Leiaren:** Dette er første forsøk på det vi har bede om, og som også Regjeringa har sagt at den er interessert i, nemleg å systematisere litt arbeidet og setje fleire saker i samanheng, slik at ein slepp å gå på alle store og små saker om kvarandre. Vi set stor pris på at Regjeringa nå har bunta saman ein del av sakene som enten er vedtatt eller er undervegs i EØS-systemet eller i EU-systemet, for ein presentasjon her. Den mest relevante komiteen er også innkalla serskilt for dette punktet.

I forhold til Stortinget kan det vere at nokre av dei sakene som naturleg fell inn under ein av statsrådana sitt ansvarsområde, vil kunne ha fleire adressatar i Stortinget, men det skal vi koma tilbake til og prøve å sortere på best mogleg måte etter som sakene dukkar opp. Det er for så vidt vi på stortingssida som må gå gjennom den lista for kvart enkelt tilfelle, men denne gongen var det rimeleg enkelt, og vedkomande komite er invitert til dette møtet.

Eg gir ordet til barne- og familieministeren.

**Statsråd Valgerd Svarstad Haugland:** Takk for det.

Eg helsar med glede denne nyordninga som Stortinget inviterer til. Eg trur det kan bli ein interessant dialog mellom fagstatsrådana og dei ulike komiteane. Eg føler meg litt som ein prøvekanin sidan eg er fyrst ute, men eg reknar med at vi kan koma fram til ein god måte å gjennomføra desse møta på.

Forbrukarvern og forbrukarpolitikk er eit ganske vidt område. Det famnar verksemdar som ligg langt utanfor mitt departement. Eg kjem inn på nokre av dei områda som dei andre departementa har ansvar for, men ikkje så veldig grundig. Eg skal prøva å konsentrera meg om det som er Barne- og familiedepartementet sitt ansvarsområde i forhold til forbrukarpolitikk og EØS-/EU-relaterte saker.

EØS-avtalen set i stor grad preg på norsk forbrukarpolitikk, vil eg seia, erfaringane til no er at heile forbrukarregelverket i EU er relevant i forhold til avtalen. Stadig nye rettsakter blir lagt til EØS-avtalen etter kvart som dei blir vedtatt i EU. Men når det gjeld dei rettssakene som er under utvikling og som eg kjem tilbake til, kan ein vel seia at EU etter kvart vil ha reglar som dekkjer det meste av kva vi har funne det tenleg å lovregulera òg i Noreg.

Eg skal oppsummera erfaringane frå mitt eige departement, og det kan gjerast i to hovudpunkt. For det fyrste. EU-regelverket ligg nærare det norske enn mange kanskje kan synast å tru, og tilpassinga har ikkje ført til spesielle problem å snakka om. Jamt over har endringane i lov og forskrifter ført til auka og opprusta forbrukarvern. No tar eg altså dei områda som ligg innanfor mitt departement. Det er klart det er forbrukarrelaterte saker i andre departement, m.a. direktiv som kan vera vanskelege, men dei som ligg under meg, dei er det ikkje serleg problem med.

Punkt 2. På ei rekkje av dei lovområda der det europeiske regelverket er blitt eller vil bli harmonisert, kan ein med den aukande

handelen med varer og tenester over landegrensene òg sjå fordelar om norske forbrukarar får like reglar.

Ei stadig sterkare vektlegging av forbrukarpolitikken gjer at ulike former for program og andre tiltak og initiativ blir viktigare også i EØS-samanheng. I samband med Amsterdamtraktaten er det vedtatt ein ny artikkel om forbrukarpolitikk. Artikkelen gir forbrukarpolitikken ein klart styrkt status i forhold til før, m.a. med omsyn til forbrukaren. Forbrukaren i seg sjølve kan gi grunnlag for å få vedtatt regelverk, mens det til no har vore ein føresetnad at forbrukardirektivet berre skal gis når ein skal fremja den indre marknaden. Artikkelen inneber ein styrkt plikt frå fellesskapet si side med omsyn til forbrukarinformasjon og organisering og til å ta omsyn til forbrukarinteressene i utforming av politikken som har verknad for forbrukaren på andre samfunnsområde. Forbrukarane står altså i sentrum og ikkje fyrst og fremst dei som ynskjer å formidla varene.

Forbrukarane sin tryggleik og deira økonomiske interesse er to hovudområde i forbrukarpolitikken, og begge fell klart inn under EØS-avtalen sitt virkeområde. I høve til tryggleik er EU sitt rammedirektiv om produktryggleik - eller produktsikkerhet, som det heiter på bokmål - for 1992 er ein hovudbjelke. Andre viktige regelverk i EØS-avtalen om forbrukarpolitikken er direktivet om leiketøy, om personleg verneutstyr, maskin- og fritidsfartøy og ei forordning om kontroll ved grensa når det gjeld produkt frå tredjeland.

For regelverk som dels set harmoniserte krav til produkt, og som dels har standardar i høve til tryggleik, er det vesentleg at det er nokolunde like fortolkingar og prinsipp som blir lagt til grunn for handhevinga i dei enkelte land og i dei enkelte tilsynsorgana vi har.

Frå norsk side tar vi del i ei rekkje organ som er oppretta under kommisjonen i samband med gjennomføringa av regelverket. Serleg viktig er ein komite som tar opp ulike sider ved forvaltninga av direktivet om produktryggleik, m.a. prosedyrane for gjensidig varsling og informasjon om farlege produkt og tiltak i samband med dette. På bakgrunn av dei erfaringane ein har med praktisering av direktivet i ein fem års tid, er det no sett i gang eit arbeid med full gjennomgang og revisjon av produktdirektivet. Noreg er med i dette sentrale arbeidet gjennom deltaking i dei hyppige høyringsmøta som kommisjonen arrangerer med EØS-statane i førebuinga av denne revisjonen.

For regelverk som er knytt til forbrukarane sine økonomiske interesser, er situasjonen litt annleis. Det har vore og blir arbeidd med harmonisering av reglane på dei fleste av dei områda der det er vanlege nasjonale regelverk. Ved underteikninga av EØS-avtalen tok vi over regelverk for villeiande reklame, forbrukarkredittar, pakkereiser,

prismerking og dørsal. Midt 1990-talet kom direktivet om urimelege vilkår i forbrukaravtalan, om avtalar om bruksrett til tidspartar.

Ferskare direktiv som er innlemma i EØS-avtalen, gjeld fjernsal av varer og tenester og samanliknande reklame. Stortinget har nyleg drøfta desse i samband med samtykkeproposisjonar som gjer greie for verknadene for norsk rett. Gjennomføringa i norsk rett er under arbeid i departementet. Reglane for samanliknande reklame, som stort sett svarar til det som no gjeld i dei generelle prinsippa i marknadsføringslova, vil bli tatt inn meir eller mindre direkte i denne lova. I samband med direktiv om fjernsal har vi dermed funne det tenleg med ein fullstendig revisjon av angrefristlova, som iallfall kan synest nødvendig med den raske utviklinga vi har med sal gjennom nye teknologiske media. Som tidlegare varsla, vil vi ved revisjonen sjå om det er tenleg å ta inn i lova føresegner som kan løysa problemet i høve til dei såkalla kataloghaiane. Det har vi hatt ein del spørsmål og interpellasjonar om i Stortinget.

Eit direktiv om prismerking, som set krav til merking med jamnførepris for å gjera det lettare for forbrukarane å samanlikna, er òg nyleg revidert. Dette direktivet ligg innunder A AD og konkurransestyresmaktene, og dei vil bli gjennomført i forskrifta.

Eit nytt forbrukardirektiv som er vedtatt av rådet og av parlamentet, er ennå ikkje innlemma i EØS-avtalen. Det gjeld eit regelverk med heller tungt namn: Om søksmål med påstand om forbod på område verna forbrukarane sine rettar.

Det er ikkje så lett å omsetja desse omgrepa til norsk, men ein kan kalla det anten handhevings- eller gjennomføringsdirektivet.

Føremålet med direktivet er å sikra at EU sitt forbrukarregelverk blir etterlevd i praksis, og særleg at regelverket skal kunna fungera tilfredsstillande i forhold til regelbrot, eller at reglane har verknad over landegrensene. Kvar land skal peika ut ei myndigheit, anten ein domstol eller eit administrativt organ, som skal gripa inn mot brot på regelverket. Desse skal kunna leggja ned forbod eller gje pålegg om opphøyr av det ulovlege tiltaket, og gje tvangsbøter for å hindra gjentakning. Vidare skal kvar stat peika ut organ, t.d. forbrukarorganisasjonar, som skal ha rett til å innleie søksmål hos denne myndigheita.

Systemet etter direktivet svarar i stor grad til det norske systemet med marknadsføringslov og dei inngrepa som Forbrukarombodet og Marknadsføringsrådet kan gjera mot ulovleg reklame og urimelege avtalevilkår. Det er grunn frå vår side til å helsa dette direktivet velkomen som eit middel til å styrkja forbrukarane sine rettar i heile Europa, og jamvel verna norske forbrukarar mot ulovlege tiltak utanfrå.

Andre direktiv som vedkjem forbrukarane, er under førebuing på ulike stadium i EU-systemet. Kommisjonen presenterte i haust framlegg til direktiv om fjernsal av finansielle tenester som skal supplera det generelle fjernsalsdirektivet som har eit unntak nettopp for slike tenester. Framlegget skil seg på enkelte punkt vesentleg frå det generelle direktivet. Der omstridt på fleire punkt, og det er rimeleg å venta at det vil ta fleire år og ganske gjennombrytande endringar før det blir vedtatt.

I haust kom kommisjonen med eit framlegg til direktiv om elektronisk handel. Her er det òg tale om eit fyrste utkast der vi truleg vil sjå mange endringar etter kvart. Frå EFTA si side har vi likevel tatt det alvorleg; dette ligg an til å bli eit viktig direktiv med mange interesser. Det vil bli skipa ei arbeidsgruppe med nasjonalt oppnemnde deltakarar for kvart av EFTA/EØS-landa for å analysa og vurdera framlegget, med sikte på å koma i ein dialog med EU-kommisjonen. Dette vil sjølvsgt bli drøfta i den forbrukarmeldinga som Stortinget får i løpet av våren.

Eit direktivframlegg om forbrukarkjøp og tilknytte garantiar er til annan gongs høyring i parlamentet. Der er vi inne i ein avsluttande fase. Direktivet tar sikte på å harmonisera på eit minimumsnivå viktige sider ved kjøpsretten i EØS-landa for å sikra minimumsrettar i heile området, ikkje minst for at forbrukarane skal vera trygge på at dei har slike rettार når dei handlar utanlands. Forslaget inneheld føresegner om krav til vara, og om seljaren sine plikter ved manglar, om reklamasjon, om form, innhald og verknad ved bruk av garanti. Ansvarer for dette regelverket ligg på norsk side i Justisdepartementet, fordi det ligg under kjøpslova.

Frå norsk side set vi ned som observatørar ei gruppe under kommisjonen med eit medlem frå kvart land som ser nærmare på dei ulike reglane kvart land har for restriksjonar på reklame og i kva grad dette kan verka negativt for handelen, og om det er ønskjeleg med meir harmoniske reglar for reklame.

EU-forordning frå 1992 om miljømerking er innlemma i EØS-avtalen. Gjennom dette tar Noreg aktivt del i arbeidet med å utvikla kriteria for miljømerking under det europeiske systemet. Ordninga er no under revisjon, og det er ei kraftig tautrekking om utforminga av denne reviderte ordninga. Hovudtemaet er korleis miljømerkeordninga skal vera organisert, utforminga merka, og ikkje minst tilhøvet mellom denne ordninga og andre nasjonale og regionale miljømerke i Europa. Og her er problemstillinga særleg om EU-merket skal ha ein slags forrang framfor andre merkeordningar, t.d. Svanemerket hos oss. Kommisjonen sitt merke skal vera einerådande for produkt der EU-ordninga har utvikla kriterium for merking. I denne prosessen har kommisjonen ført ein brei dialog med EU og EFTA- og EØS-landa, og no har dei andre nordiske landa har engasjert seg veldig aktivt. Haldninga i dei nordiske landa og i dei andre landa som har eigne merkeordningar, er negativ til kommisjonen sitt opphavlege framlegg om ei forrangsordning for

kommisjonen. Det blir no arbeid ganske intensivt i rådet i arbeidsgruppa med løysingar som er akseptable for alle når det gjeld dette og ei rekkje andre stridsspørsmål.

Vi føler at vi i denne saka har fått god spreining og gode reaksjonar på vårt syn i saka. I dette og fleire andre spørsmål har den nordiske plattformen vore viktig for oss, for norsk synspunkt og innspel.

Den andre viktige plattformen for medverknad er EFTA - dels for å koma med innspel, dels for å nytta seg av EØS-avtalen som praktisk argument mest mogleg for å sikra norsk deltaking. Vi har nyleg oppnådd å koma med i ei ny kontaktgruppe i kommisjonen for forbrukarspørsmål, der kvart av EU-landa er representert med øvste ansvarlege embetsmann for forbrukarspørsmål. Det blir vidare arbeid med representasjon for forbrukarorganisasjonane frå EFTA-landa i forum der dei til no ikkje har hatt tilgang.

Mellom ein rad viktige enkeltregelverk som er vedtatt, eller er under arbeid, er det likevel ei større sak som krev særleg merksemd, særleg i høve til mogleg medverknad. I desember 1998 vedtok rådet og parlamentet EU sitt fyrste rammeprogram for forbrukarpolitikk. Der må vi inn i ein dialog, sjølv sagt med Island og Liechtenstein, om EFTA-landa skal gå inn i dette programmet. Det er mogleg å koma inn undervegs etter at programmet er starta. Men der har vi òg ein dialog.

Eg trur eg sluttar her, med dette rammeprogrammet for forbrukarpolitikk. Vi er ikkje inne i det enno, men det er ein dialog mellom desse andre landa i forhold til det, og vi har kontakt med EU om dette rammeprogrammet for forbrukarpolitikk. Eg trur det har veldig mange positive sider, sånn at det kan vera var nyttig for Noreg å vera aktiv deltakar i dette rammeprogrammet.

**Leiaren:** Ja takk. Her var det ikkje mange problem - kan vi finne på nokon?

Marit Nybakk - ver så god.

**Marit Nybakk (A):** Jeg skal ikke ta opp noe problem, men bare takke statsråden for orienteringen.

Jeg registrerte at statsråden bemerket innledningsvis at vi har fått et bedre forbrukervern totalt sett gjennom de ulike EU-direktivene. På den bakgrunn var det veldig nyttig å få denne gjennomgangen. Jeg synes også det var interessant at statsråden sa om forbrukerpolitikk.

**Siri Frost Sterri (H):** Jeg har bare lyst til å ta ett kontrollspørsmål - det var jo en veldig grundig og grei redegjørelse fra statsrådets side som tyder på at dette er ukomplisert, og at her går alt greit. Finnes det i det det nå ble redegjort for - jeg tenker da særlig på direktiver som nå enten er i ferd med å bli vedtatt, eller som er vedtatt - noe som kan innebære problemer, slik statsråden nå vurderer det?

**Statsråd Valgerd Svarstad Haugland:** Ja, for å seia det sånn: Eg uttalte meg veldig positivt til det som på ein måte er mitt ansvarsområde her. Eg meiner, som eg sa, at vi har fått eit godt forbrukarvern. I nokre av desse sakene har EU gått foran, og vi har tatt opp deira forslag. På andre område har vi hatt eit godt regelverk på førehand, men likevel, det er lett å harmonisera det.

Men det er opplagt at dersom ein ser på forbrukarspørsmål i eit større perspektiv, har vi enkelte direktiv som sjølvsagt er vanskelege - det går t.d. på matvarer, som i høgste grad er forbrukarspørsmål. Eg har ikkje tatt det opp her, fordi det ligg ikkje under mitt ansvarsområde, men det er klart at barnematdirektivet osv., inneber problem som eg ikkje på nokon måte skal unnlata å nemna.

**Leiaren:** Ja, takk. Det punktet vi var inne på, som var uløyst - det var vel fleire uløyste punkt - var særleg rammeprogrammet for forbrukarpolitikk, men der forstår eg at det er ein dialog, slik at ein har eit håp om å finne ei positiv løysing på det.

**Statsråd Valgerd Svarstad Haugland:** Ja, det har vi. Det er òg eit økonomisk spørsmål om vi skal gå inn dette. EU har jo sjølvsagt mange ulike program som det er interessant for oss å vera med i. Det er òg eit økonomisk spørsmål i forhold til midlar vi brukar på den delen av forbrukarpolitikken.

**Leiaren:** Ja takk. Det var sak nr. 1, forbrukardelen av EØS-arbeidet.



## S a k n r . 2

*Aktuelle rettsaker for møtet i EØS-komiteen 26. mars 1999. Se vedlagte brev fra Utenriksdepartementet, datert 16. mars d.å., med oversikt over de relevante rettsaker.*

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** På EØS-komiteens møte 26. mars forventes alle de 21 rettsaktene og endringene av vedlegg I og protokoll 4 til EØS-avtalen som er omtalt i kommentert liste med vedlegg, å komme opp til beslutning.

I tråd med EØS-utvalgets nye arbeidsmåte vil jeg med to unntak ikke omtale disse nærmere. Jeg gjør unntak for rådsdirektiv 98/25/EF om havnestatskontroll, fordi omstendighetene rundt gjennomføringen av dette direktivet er spesielle. Jeg gjør også unntak for kommisjonsdirektiv 97/17/EF om energimerking av oppvaskmaskiner. Jeg ønsker også å orientere om en felleserklæring som forventes å bli avgitt vedrørende norske unntak fra EFs regelverk på områdene kjemikalier og gjødsel.

Først til direktivet om havnestatskontroll. Direktivet endrer et rådsdirektiv fra 1995, som ble innlemmet i EØS-avtalen 26. mars 1996. Direktivet fra 1995 har bl.a. regler om nektelse av anløp til havn dersom mangler ved skipet er avdekket i annen havn i EØS-området. Sjødyktighet gir bare norske myndigheter rett til kontroll, og eventuell tilbakeholdelse, av skip i havn. Sjødyktighetsloven mangler således hjemmel for gjennomføring av reglene i direktivet.

Dette ble først klart etter at EØS-komiteen 26. mars 1996 hadde besluttet å innlemme direktivet i EØS-avtalen. Det ble derfor ikke tatt forbehold om Stortingets samtykke i tilknytning til denne beslutningen, og verken samtykke eller nødvendig lovvedtak ble innhentet. Norge må likevel anses bundet av beslutningen i forhold til de øvrige parter i EØS-avtalen.

Alle deler av direktivet er gjennomført i norsk rett ved forskrift av 1. juli 1996 nr. 774 om kontroll med fremmede skip og flyttbare innretninger i norske havner, bortsett fra bestemmelsen om nektelse av anløp til havn basert på kontroll foretatt i annen havn i EØS-området. Denne bestemmelsen kunne ikke gjennomføres på grunn av manglende lovhjemmel. Odelstingsproposisjon med forslag til endring av sjødyktighetsloven er nå under utarbeidelse og forventes fremmet i løpet av våren 1999.

Ettersom rådsdirektiv 98/25/EF utvider grunnlaget for nektelse av anløp til havn til også å omfatte mangler ved det såkalte ISM-sertifikatet - ISM står for «International Safety Management» - er gjennomføringen av dette direktivet i ovennevnte forskrift også avhengig av omtalte lovendring. EØS-komiteens beslutning om å innlemme dette direktivet i EØS-avtalen vil derfor for Norges del måtte tas med forbehold om Stortingets samtykke. Stortingsproposisjonen om innhenting av slikt samtykke vil deretter bli fremmet.

Så til kommisjonsdirektiv 97/17/EF om energimerking av oppvaskmaskiner. På grunn av gjennomgående problemer i medlemslandene med å overholde gjennomføringsfristen for direktivet, vedtok kommisjonen den 26. februar i år å forlenge fristen. Vedtaket ble fattet i form av et direktiv. Direktivet ble først nylig publisert i EF-tidende. Teksten ble derfor ikke oversendt Stortinget i forrige uke, og direktivet ble heller ikke særskilt omtalt i kommentert liste. Av praktiske grunner ønsker man å innlemme dette direktivet i EØS-avtalen samtidig med det direktivet gjennomføringsfristen forlenges for.

Så til felleserklæringen om norske unntak fra EFs regelverk på områdene kjemikalier og gjødsel. Ved EØS-avtalens ikrafttredelse hadde Norge enkelte unntak fra EFs regelverk om klassifisering, merking, markedsføring og bruk av kjemikalier og gjødsel, ettersom det norske regelverket på området da gjennomgående var strengere enn EFs regelverk. Som forutsatt i unntaksbestemmelsene ble regelverket gjennomgått i 1994-95. EFs regelverk hadde da gjennomgått en positiv utvikling som gjorde det mulig for Norge å overta EFs regler uten å senke gjeldende nasjonalt beskyttelsesnivå, med unntak for visse bestemmelser i sentrale direktiver der Norge hadde strengere regler. Unntakene ble fastlagt i to felleserklæringer avgitt i EØS-komiteen i henholdsvis 1995 og 1996. Felleserklæringene innebar at unntakene skulle gjennomgås på nytt i 1998.

I tidsrommet siden 1995 har det igjen skjedd en betydelig positiv utvikling i EFs regelverk på dette feltet, og avstanden mellom norsk regelverk og EFs regelverk er nå liten. Resultatet av gjennomgangen i 1998 er nedfelt i en felleserklæring som etter planen skal vedtas i EØS-komiteen den 26. mars. Felleserklæringen fastslår at Norge vil kunne videreføre unntakene fra EFs regler om allergi- og kreftfaremerking, fra reglene om produktdatablad, fra reglene om yrkeshygiensk luftmerking, fra reglene om

kvikksølvinnhold i knappecellebatterier, fra reglene om asbest og fra reglene om kadmiuminnhold i gjødsel.

Videre vil Norge kunne innføre nasjonale regler for klassifisering og merking av ni stoffer. Etter gjennomgangen i 1994-95 hadde Norge behov for, og fikk, unntak fra slike regler for totalt 75 stoffer. Denne markante reduksjonen i behovet for unntak illustrerer den betydelige forbedringen som har skjedd i EFs regelverk på området. Situasjonen skal gjennomgås på nytt i år 2000, bortsett fra reglene om kadmiuminnhold i gjødsel, der gjennomgangen skal finne sted i år 2001.

La meg avslutningsvis legge til at den felleserklæringen som nå vil bli avgitt med hensyn til hvilke unntak som oppheves og hvilke som opprettholdes, er basert på en grundig gjennomgang og vurdering fra norske fagmyndigheters side.

Til slutt vil jeg benytte anledningen til å rette opp en feil som jeg sa på det forrige møtet, og som stortingspresidenten har truet med at hun vil ta opp i spontanspørretimen i morgen. Det gjelder to direktiver om kosmetiske produkter. Jeg sa da at fagansvarlig instans - jeg tror det var på spørsmål fra representanten Jakobsen - for vurdering av stoffer i kosmetikk var Statens legemiddelkontroll, men det riktige svaret er Statens næringsmiddelkontroll.

**Leiaren:** Er det nokon som ber om ordet?

Elles er det verdt å merke seg at vi her fekk ein gjennomgang av unntaksordningar. Eg veit at det tidlegare har vore etterlyst å få ei samla framstilling av unntak, og her fekk vi det for ein heil sektor. Det er ganske nyttig, fordi vi steg for steg har enkeltvisunntak, og her var det ei samla framstilling som er nyttig å ha med seg.

Alt høyrdest greitt ut, også havnestatskontrollspørsmålet, som då kjem tilbake som eit lovforslag, men innhaldet ligg her. Eg såg også etter i manuskriptet til utanriksministeren om han hadde forklaring på kva ISM var, og det hadde han ikkje, så dette kunne han heilt på eige hand!

**Carl I. Hagen (Frp):** Jeg ser på side 8 i det vi har fått her - 398 L 0010 står det til venstre. Hvis man kan finne fram der, rådsdirektiv 98/10/EF av 26. februar 1998. Har utenriksministeren har funnet det? Har

det noen betydning for den såkalte Sense-saken som Regjeringen nå har til vurdering? Det er en bedrift som har søkt om tilgang til det offentlige telenettet, og som har fått det fra faglige myndigheter på dette området. Men det er anket til departementet, og departementet har gitt det oppsettende virkning.

Det har vært en daglig dose om Sense Communications i Dagens Næringsliv de siste fire ukene. Får dette direktivet som dreier seg om åpen tilgang til det offentlige telenettet, noen betydning for det spørsmålet, som har vært mye omdiskutert?

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Det tror jeg nok jeg må bekjenne at jeg ikke kan svare på her og nå. Så det må jeg få lov til å komme tilbake. Det skal jeg selvfølgelig gjøre.

**Carl I. Hagen (Frp):** Det hadde vært interessant å få svar på det og behandlet den saken, og selvsagt at anken hadde blitt akseptert slik at Sense kunne komme i gang.

**Leiaren:** Det siste gjekk vel litt vidare enn det første spørsmålet!

**Carl I. Hagen (Frp):** Det var en slags anmodning til Regjeringen.

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Jeg skal bringe den videre også.

**Leiaren:** Då var det ikkje fleire til rettsakten.

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Vi har to saker - tre med den fra Grete Knudsen - som det var bedt om at jeg skulle redegjøre for.

Hvis jeg da få starte med patentdirektivet, kan jeg si at som et ledd i Regjeringens vurdering av alle sidene ved direktivet, sendes det i dag ut på bred høring, med en høringsfrist på tre måneder. På grunnlag av innkomne høringsuttalelser vil Regjeringen ta standpunkt til spørsmålet om innlemmelse av direktivet i EØS-avtalen.

Nederland rettet som kjent den 19. oktober 1998 et annulasjonssøksmål til EF-domstolen der det påstås at direktivet må oppheves, fordi det er i strid med EF-retten og internasjonale avtaler på området.

Vi har benyttet anledningen EØS-avtalen gir oss, til å be om intervensjon i saken, hvor vi støtter Nederland når det gjelder forholdet mellom direktivet og FN-konvensjonen om biodiversitet av 22. mai 1992. Vi har særlig påpekt at patentdirektivet kan gjøre det vanskeligere å oppfylle våre forpliktelser under biodiversitetskonvensjonen. Konvensjonens målsetting er bl.a. å bevare det biologiske mangfoldet og samtidig sørge for en rettferdig fordeling av avkastningen fra utnyttelsen av biologiske ressurser.

Intervensjonsbegjæring og innlegg ble levert EF-domstolen den 19. mars. Det er offentlig, og et eksemplar er overlevert utenrikskomiteens sekretær. Det vil også bli lagt ut på ODIN.

**Leiaren:** Skal vi stoppe og sjå om det er nokon spørsmål.

**Siri Frost Sterri (H):** Jeg takker for redegjørelsen og at det også er overlevert, slik at vi vil få en kopi av det som er sendt fra Norges side.

Kunne utenriksministeren antyde noe mer om når han regner med at spørsmålet knyttet til mer politisk behandling av direktivet, vil kunne bli aktuelt i forhold til Stortinget, for jeg går ut fra at vi får det tilbake før Regjeringen også trekker sine endelige konklusjoner?

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Vi har nå sendt dette ut på høring. Det er tre måneders høringsfrist, så det vil bety, slik jeg ser det, at det vil komme til Stortinget til høsten. I og med at vi har tre måneders høringsfrist, dvs. april, mai, juni, kan vi ikke få behandlet det før etter at vårsesjonen er avsluttet, så vidt jeg kan se.

**Leiaren:** Vi kan eventuelt ha eit møte i slutten av juli!

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Ja, da skulle det være mulig!

**Leiaren:** Mest sannsynleg til hausten.

Men hovudpoenget til Siri Frost Sterri var at det blir ein gjennomgang i forhold til Stortinget. Forma får ein kome tilbake til, anten i dette utvalet eller på annan måte, før dette direktivet blir stempla. Det er hovudpoenget.

Det var den saka.

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Da var det det andre direktivet som man var interessert i, nemlig direktivet om opphavsrett i informasjonssamfunnet, som jeg har blitt bedt om å orientere om - det står også omtalt i avisene i dag, og i Aftenposten i forrige uke. Det er også omtalt på sidene 71-72 i den skriftlige informasjonen om antatt EØS-relevante forslag til EF-rettsakter som ble overlevert utvalget i oktober i fjor.

Forslaget ble fremlagt av kommisjonen i fjor. Formålet med det er å foreta en ytterligere harmonisering av medlemsstatenes lovgivning om opphavsrett og nærstående rettigheter, derunder utøvende kunstneres rettigheter, spesielt i forhold til utnyttelse av verk og arbeider i digital form.

Direktivforslaget bygger på deler av kommisjonens Grønn bok om dette temaet fra 1995, resultatene fra høringene av denne og to nye internasjonale traktater i regi av Verdensorganisasjonen for intellektuelle rettigheter - WIPO. I balansen mellom rettighetshavere og brukere går forslaget lenger enn norsk rett i å beskytte rettighetshaveren.

Når det gjelder retten til å gjengi verk og arbeider, går direktivforslaget lenger enn den norske åndsverkloven og WIPO-traktatene fordi også midlertidig gjengivelse inkluderes dersom de har selvstendig økonomisk verdi. Slike handlinger kan f.eks. være midlertidig lagring i en datamaskins arbeidsminne når noe vises på skjermen. Stortingsflertallet bekreftet, som dere selvsagt er kjent med, nylig at flertallet er enig i Regjeringens syn på den rettslige status i Norge

for midlertidig gjengivelse. For øvrig er norsk rett i samsvar med direktivforslagets regler om retten til gjengivelse.

Forslaget inneholder også en uttømmende liste over hvilke unntaksregler den enkelte medlemsstat kan fastsette i forhold til de rettigheter som forslaget fastsetter. Listen omfatter ikke retten til kopiering til privat bruk, til bruk i visse institusjoner og i andre spesielle tilfeller. Disse rettighetene vil derfor måtte innskrenkes eller bortfalle. Det er heller ikke gjort unntak for offentlige dokumenter. Den norske regelen om at opphavsrett ikke skal hindre dokumentinnsyn etter offentlighetsloven kan derfor ikke opprettholdes.

Etter forslaget vil litterære verk som ikke er utgitt i EØS-området, ikke kunne importeres for salg i Norge uten rettighetshaverens samtykke. Denne reduserte adgangen til parallellimport kan by på problemer i små markeder som det norske.

Europaparlamentet avgav uttalelse den 10. februar i år. Forslaget er nå til behandling i rådet. Europaparlamentet har fremmet flere endringsforslag som går enda lenger i å beskytte rettighetshaveren. Det antas at direktivet tidligst vil kunne bli vedtatt våren 2000.

På mange punkter har de nordiske medlemslandene felles oppfatning. Dette gjelder bl.a. behovet for unntak for offentlige dokumenter, hvor både Danmark og Sverige støtter vårt syn. Det samme gjelder ønsket om at listen over unntakene fra rettighetene forslaget fastsetter, ikke skal være uttømmende, hvor alle de nordiske landene samt Nederland og Storbritannia støtter vårt syn.

Vi samarbeider nå med Island og Liechtenstein om en felles EFTA-posisjon til forslaget. Denne posisjonen vil bli overlevert EU-kommisjonen. Det vil der bl.a. bli redegjort for motstanden mot å la midlertidige reproduksjoner omfattes av rettighetshaverens enerett, ønske om adgang til global parallellimport og ønske om at unntakene fra rettighetene ikke begrenses av en uttømmende liste i direktivet. Det vil herunder også bli fokusert på bibliotekenes behov.

Det er for tidlig å si noe sikkert om direktivets endelig innhold. Fra norsk side vil vi benytte de kanaler vi har for å påvirke innholdet i retning av våre ønsker. EØS-utvalget vil selvsagt bli holdt orientert om den videre utvikling i saken.

**Siri Frost Sterri (H):** Jeg takker også for den redegjørelsen. Jeg må nok innrømme at bakgrunnen for at vi ønsker å bli oppdatert på dette, skyldes en melding i diverse aviser - om det var NTB, så var det i hvert fall en melding i diverse aviser i forrige uke - som jeg antar må stamme

fra Kulturdepartementet, gikk ut på at man her stod overfor et direktiv som Regjeringen ville nedlegge veto mot.

Nå vet ikke jeg om det er ut fra et ønske om å alminneliggjøre ordet «vetorett» som gjør at det benyttes, men jeg vil kanskje antyde, i hvert fall fra Høyres side, at man bør være særdeles nøye, også i departementene, med bruken av ord her, idet jeg også mente å vite at dette dreide seg om et direktiv som ennå var på forslagstadiet, og hvor jeg selvfølgelig synes det var viktig å registrere at man fra norsk side er aktiv i en påvirkningsfase, men hvor man kanskje bør skjerpe bruken av ord noe, slik at det ikke går ut den type pressemeldinger som gir inntrykk av at vi her står overfor nok et ferdigforhandlet direktiv som Norge vurderer å bruke en vetoadgang på. - Bare det som en liten kommentar til redegjørelsen for øvrig.

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Meg bekjent er det ikke sendt ut noen pressemelding om denne saken, heller ikke fra Kulturdepartementet. Jeg tror det bare dreier seg om en uttalelse fra en embetsmann, men det er jo ikke uten betydning, det, for oss som både har vært og antakeligvis skal bli embetsmenn igjen. Vi har stor respekt for embetsmennene, men allikevel.

**Leiaren:** Då går vi til EMEA -altså medieinstituttet i London, som står på dagsordenen.

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** Det er riktig som Grete Knudsen sier, at et av EUs medlemsland blokkerer en EØS-beslutning om Norges og Islands tilslutning til EUs legemiddelkontor i London. Og det er vel ikke så veldig overraskende at dette er Spania. Begrunnelsen er manglende løsning på spørsmålet om låne- og tilskuddsordningen. For øyeblikket deltar vi derfor kun *uformelt* i kontorets virksomhet.

Spania blokkerer også bl.a. beslutninger om EØS-tilslutning til enkelte programmer på kultursiden. Det største og viktigste programmet i EØS-avtalen, nemlig det femte rammeprogrammet for forskning og teknologisk utvikling, ble imidlertid vedtatt i februar i år og er allerede behandlet av Stortinget, som da gav sitt samtykke til EØS-beslutningen.

Det er selvfølgelig meget beklagelig at Spania foretar denne formen for blokkering. Jeg har samtidig et berettiget håp om en løsning



på låne- og tilskuddsordningen i nær fremtid - noe som også vil normalisere situasjonen i forhold til Spania.

Hvis jeg bare får legge til, så er det min forståelse at det har vært ønsket at jeg skulle redegjøre for situasjonen når det gjelder låne- og tilskuddsordningen i et annet av Stortingets organer, og det vil jeg da komme tilbake til om en halv time.

**Leiaren:** Ingen fleire til dette punktet?

Svaret vil då ligge i løysinga på låne-og tilskotsordninga, men samtidig er det svært urovekkande at heilt uvedkomande program i forhold til det spørsmålet blir blokkert på ein slik måte. Det vil også vere nyttig - om dette fortsetter - at vi får ei oppdatering på akkurat dei punkta i neste møte, slik at vi kan vere a jour med kva som er situasjonen for dei ulike samarbeidsområda.

**Utenriksminister Knut Vollebæk:** I lys av det jeg skal si om en halvtime, tror jeg kanskje vi skal kunne løse det relativt raskt. Jeg vet ikke om dette er lederens forsøk på å holde spenningen ved like for å få representantene til å møte på de ulike møtene - iallfall skal ikke jeg ødelegge noe for spenningen!

Møtet slutt kl. 16.05.